KULTURPLAN FOR BJØRNAFJORDEN KOMMUNE 2027-2038



SEKTORPLAN FOR KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV

Høyringsutkast 15.10.2026

INNHALD

INNLEIANDE DEL **3**

1. Innleiing, definisjonar og oppsummering **3**

2. Føringar for planarbeidet **6**

HANDLINGSDEL **10**

1. Tema med mål og strategiar 2027-2038 **10**

1.1 Kommunalt fritidstilbod – aktiv fritid for alle 10

1.2 Frivillig mobilisering 12

1.3 Idrett – fysisk aktiv heile livet 14

1.4 Friluftsliv – i heile kommunen 21

1.5 Kulturarv – verdiar for framtida 24

1.6 Kulturformidling – ein vital kulturkommune 26

2. Tiltaksplanar 2027-2030 **31**

2.1 Tiltaksplan fritid 31

2.2 Tiltaksplan frivillig 32

2.3 Tiltaksplan idrett 33

2.4 Tiltaksplan friluftsliv 34

2.5 Tiltaksplan kulturarv 35

2.6 Tiltaksplan kulturformidling 36

INNLEIANDE DEL

1. INNLEIING, DEFINISJONAR OG OPPSUMMERING

1.1. Innleiing

Bakgrunnen for planarbeidet er ei bestilling i Kommunal planstrategi for 2020-2024, vidareført i planstrategien for 2024-2028. Utgangspunktet for arbeidet var mål og strategiar frå samfunnsdelen av kommuneplanen (KPS), som vart vedtatt i november 2022.

Kommunedirektøren gav eit eige mandat for sektorplanane, der det står at planen skal:

- ✓ vera den overordna strategiske planen for sektoren
- ✓ leggja til rette for ei ønskt utvikling
- ✓ danna grunnlag for andre underliggjande planar
- ✓ fremja samarbeid og heilskapleg tenking internt i kommunen, og mellom kommunale og andre instansar
- ✓ innehalda strategiske val knytt til tenesteyting (drift og investering), og gje grunnlag for prioriteringar i budsjett og økonomiplan
- ✓ bidra til treffsikre og heilskaplege tenester, og innovasjon i tenesteytinga
- ✓ følgja opp mål og strategiar frå samfunnsplanen

Planen er delt i to delar: Ein innleiande del og ein temadelt handlingsdel. Handlingsdelen omfattar mål og strategiar for heile planperioden 2027–2038, og tiltaksplanar for dei ulike temaområda i fireårsperioden 2027–2030.

Som del av planarbeidet er det utarbeidd ei eiga nettside på kommunen si heimeside, som samlar kunnskapsgrunnlag og kjelder som ligg til grunn for analysane i kulturplanen.

Bjørnafjorden kommune ønskjer ein kunnskapsbasert praksis, og kunnskapen som kjem fram gjennom planarbeidet, er difor lagt til grunn for mål, strategiar og tiltak. Samstundes er det lagt vekt på god samanheng i det kommunale planhierarkiet. Måla og strategiane i kulturplanen tek difor utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Behov for revisjon, forlenging eller utfasing av sektorplanen skal vurderast i planstrategien kvart 4. år. Vi sikrar god samanheng mellom planmål, økonomiplan og årsbudsjett ved at vi årleg innarbeider eit utval av tiltaka frå handlingsdelen i budsjettframlegget.

Oppstartsmøtet for sektorplanen var i september 2021. Pandemi, omorganiseringar, store nedskjeringar og krevjande omstillingsarbeid har vore rammevilkår undervegs i arbeidet. I lengre periodar har planarbeidet vore nedprioritert og lagt heilt til sides, før arbeidet vart starta opp igjen på nyåret 2024.

KI-verktøyet copilot er brukt til tekstbearbeiding av delar av planen.

1.2. Definisjon av kulturomgrepet

Vi nyttar det same utvida kulturomgrepet som Vestland fylkeskommune i regional kulturplan:

«kultur vert brukt som fellesnemning for kunst, allmenn kultur, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv, museum, arkiv og kulturhistorie, den

kulturelle grunnmuren, organisasjonslivet, kulturskulane, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kulturelle verksemder, og kreativ næring».

1.3. Oppsummering

Kulturplanen avløyser tidlegare planverk på kulturområdet i Os og Fusa, m.a. kommune-delplanar for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Det har blitt jobba med tematiske planar på kulturområdet over lengre tid, m.a. på kulturminnefeltet. I kommunal planstrategi for den nye kommunen, er det prioritert å arbeida fram ein overordna strategisk plan for heile kulturfeltet.

I planprosessen har det vore fleire opne tematiske innspelsmøte. Det er gjort ei rekkje kartleggings- og dokumentasjonsarbeid som ligg til grunn for planarbeidet. Rapportar ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Siste orientering i Tenesteutvalet var 3. februar sak 08/26. Grunna store oppgåver med kommuneplanen sin arealdel og prosjektarbeid i den heilskaplege innsatstrappa i 2025-26, har vi blitt nøydd til å justera på tidsplanen for planarbeidet.

Det vert lagt opp til ei opa høyring i tre veker der alle interesserte kan koma med innspel til plandokumentet. Etter administrativ gjennomgang av høyringsuttaler blir det 2. gangs behandling i råd og utval og endeleg vedtak i kommunestyret

Kulturplanen har seks tema:

- Fritid
- Frivillig
- Idrett
- Friluftsliv
- Kulturarv
- Kulturformidling

Det som blir behandla under tema fritid i planen er i hovudsak det kommunale fritidstilbodet. Frivillig sektor sitt bidrag i fritida blir behandla under tema frivillig. Til kvart tema er det laga ein oppsummerande analyse som er grunnlag for mål, strategiar og tiltak. Mål og strategiar vil ligga til kvart tema, medan dei tematiske fireårige handlingsplanane ligg til slutt i plandokumentet.

Kulturplan for Bjørnafjorden kommune 2027–2038 skal vera det overordna styrings-dokumentet for utvikling av kulturfeltet i kommunen. Planen byggjer på eit breitt kunnskapsgrunnlag om status, utfordringar og utviklingsbehov på feltet. Gjennom felles mål, strategiar og prioriteringar legg planen til rette for ei heilskapleg og langsiktig utvikling av kultursektoren i Bjørnafjorden kommune.

Planen er ei konkretisering av føringane i kommuneplanen sin samfunnsdel. Måla og strategiane tek utgangspunkt i dei fire satsingsområda i samfunnsdelen og viser korleis kulturfeltet kan bidra til å realisera kommunen sine overordna mål for folkehelse, fellesskap, attraktivitet, deltaking og berekraftig samfunnsutvikling. Slik skaper planen ein tydeleg samanheng mellom overordna politiske mål og konkrete tiltak innan kultursektoren.

Planen gir òg eit oppdatert bilete av kultur si rolle i «Innsatstrappa i Bjørnafjorden». Kultur, fritid, idrett, friluftsliv og frivillig deltaking blir løfta fram som sentrale verkemiddel i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. Gjennom aktivitet, meistring, fellesskap og tilhøyrsle kan kultursektoren bidra til å møta utfordringar knytte til folkehelse, utanforskap,

integrering og demografiske endringar. Planen synleggjer korleis kulturfeltet verkar på tvers av sektorar og styrkjer kommunen sin samla innsats for gode oppvekst- og levekår.

Kulturplanen er strategisk og langsiktig gjennom mål og strategiar som gjeld for heile planperioden fram til 2038. Samstundes er han konkret og tiltaksretta gjennom handlings- og tiltaksplanar for perioden 2027–2030. Dette gjer planen til eit praktisk styringsverktøy som både peikar ut retning for utviklinga av kulturfeltet, og legg grunnlag for prioriteringar i økonomiplan, budsjett og vidare planarbeid.

Kulturplanen gir både eit heilskapleg grep og konkrete føringar for, og oppfølging av, sentrale politikkområde som m.a. frivilligstrategi, e-sport, fritidserklæring og prioriteringar innan idrettsfeltet.

Gjennom planen ønskjer Bjørnafjorden kommune å styrkja kultur som drivkraft for livskvalitet, inkludering, identitet, frivillig engasjement, attraktivitet, verdiskaping og lokal samfunnsutvikling. Målet er eit mangfaldig, tilgjengeleg og framtidsretta kulturliv som medverkar til «Det gode liv for alle».

2. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

Denne delen skal gi ei oversikt over overordna føringar nasjonalt, regionalt og lokalt, og er grunnmuren for mål, strategiar og tiltak i handlingsdelen av planen.

2.1. Nasjonale føringar

Kulturlova (lov 29. juni 2007 nr. 89 om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd) tredde i kraft i 2007 og har som føremål «å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk».

Lova vart endra i mars 2025. Då vart prinsippet om armlengdes avstand norsk lov; § 2 a: «Avgjerder som i hovudsak skal baserast på kunstnarleg eller kulturfagleg skjønn, skal treffast av personar med relevant fagkompetanse. Politiske styresmakter kan ikkje overprøva eller instruera om innhaldet i slike avgjerder». Lova slår også fast i §4 at kommunane skal ha ei skriftleg oversikt over status og utviklingsbehov på kulturfeltet.

Det ligg føringar for dei kommunale kulturtenestene i fleire andre lovverk som Biblioteklova, Friluftslivslova, Stadnamnlova, Kulturminnelova, Kulturrådslova, Kulturskulelova, Flagglova, Opplæringslova.

Andre relevante lovverk er Plan- og bygningslova, Folkehelselova og Sosialtenestelova.

Statleg kulturpolitikk er utmeisla gjennom ulike tematiske Stortingsmeldingar, utgreiingar (NOU) og strategiar. Det er t.d. laga ein statleg «kulturfrivillighetsstrategi». Det blir også jobba med ein kulturarena-strategi og ein "Bevaringsstrategi for kystens kulturmiljø".

2.2. Regionale føringar

Kulturplan for Vestland fylkeskommune: Fylkestinget vedtok Vestland sin første regionale kulturplan: Kultur bygger samfunn i 2023.

2.3. Lokale føringar

2.3.1. Samfunnsoppdrag/samfunnsmål, visjon og verdiar

I 2019 vart det vedteke ei merkevareplattform for Bjørnafjorden og for kommunen som organisasjon, der samfunnsoppdrag/samfunnsmål («misjon»), visjon og verdiar er formulert. Dette skal liggja til grunn for arbeidet vårt, inkludert planarbeid.

Samfunnsoppdraget vårt er definert både frå overordna styresmakter, og ut frå lokale behov og utfordringar. Ein kommune skal vera samfunnsutviklar, tenestetilbydar, lokaldemokrati-utviklar, myndigheitsutøvar/-forvaltar og arbeidsgirar. *Samfunnsmålet* («misjonen») til Bjørnafjorden er «Det gode liv for alle».

Visjonen vår er: Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping. Den gir retning og noko å strekkja seg etter, og fortel kva vi vil at Bjørnafjorden kommune skal vera.

Verdiane våre seier noko om kva vi skal byggja Bjørnafjorden kommune på og korleis vi skal møta innbyggjarane. Verdiane våre er:

- Vi lyttar med respekt
- Vi er inkluderande
- Vi finn smarte løysingar
- Vi gjer det vi seier

2.3.2. Samfunnsdelen av kommuneplanen (KPS)

Samfunnsdelen av kommuneplan for Bjørnafjorden kommune gjeld for 2023-2035.

Planen har fire satsingsområde:

1. Framtidsretta transport og infrastruktur
2. Folk og fellesskap i berekraftige tettstadar og lokalsamfunn
3. Framtidsretta Bjørnafjorden kommune
4. Samarbeid for å nå måla

Vi tek utgangspunkt i mål og strategiar frå dei fire satsingsområda i handlingsdelen av sektorplanen. Ifølge KPS skal FN sine berekraftsmål vera styrande for samfunns- og arealplanlegginga vår, saman med lokale behov og regionale føringar. Berekraftsmåla gir oss den strategiske retninga for samfunnsutvikling. I handlingsdelen til kulturplanen er det vist kva berekraftsmål som er aktuelle for kvart tema.



2.3.3. Arealdelen av kommuneplanen (KPA)

Kommunen må sikra at den har nok areal avsett til offentlege føremål for framtidige behov. Areal til ulike kulturføremål og omsynssoner for å sikra kulturarv, er òg viktige grep slik at både nolevande og framtidige innbyggjarar kan få ta del i, oppleva og bruka kulturen.

2.3.4. KLEM-planen

Alle sektorar skal bidra til å gjennomføra «Kommunedelplan for klima, energi og miljø for Bjørnafjorden kommune 2021-2033» (KLEM-planen).

2.3.5. Kommunal planstrategi og planarbeid 2024-2028

Sektorplanarbeidet er nemnt som pågåande arbeid i planstrategien vår for 2024-2028. I den samanheng heiter det at strategiar og tiltak *mot* familiefattigdom og utanforskap, og *for* mangfald og integrering, må innarbeidast i alle dei tre sektorplanane og tilhøyrande handlings-/tiltaksplanar. Det same gjeld for strategiar og tiltak knytt til samarbeid med frivillige.

2.3.6. Frivilligstrategi 2024-2027

Mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er styrande for frivilligstrategien som kom i 2024. Bjørnafjorden kommune skal:

a) vera ein god tilretteleggjar for frivilligheit.
b) vera inkluderande og sikra alle innbyggjarar likeverdige moglegheiter til eit godt liv.
c) styrkja samarbeidet med frivillig sektor gjennom samskaping for å sikra gode og levande lokalsamfunn.

2.3.7. Det overordna utfordringsbiletet og «Innsatstrappa»

Folkehelseoversikt Levekår og helse i Bjørnafjorden 2023-2026 ligg til grunn for planen. Folkehelseoversikta konkluderer med at folkehelsa i Bjørnafjorden stort sett er god, men at helse er skeivt fordelt.

Endringar i demografi er ei stor utfordring i åra som kjem med fleire eldre og færre i yrkesaktiv alder. Mindre tilgang på arbeidskraft og pressa kommuneøkonomi, gjer at det blir viktig å mobilisera frivilligkrafta i lokalsamfunnet.

Som svar på desse utfordringane, har Bjørnafjorden kommune dei to siste åra arbeidd med å utvikla «Innsatstrappa i Bjørnafjorden». Det er eit felles rammeverk som viser kva for tenester og tilbod kommunen skal levera, og kva dei ulike tenestene oppover i trappa krev av ressursar i form av pengar og folk. Det blir understreka at for å redusera behovet for dei mest ressurskrevjande tenestene øvst i trappa, må kommunen leggja større vekt på førebygging og tidleg innsats på dei første trinna i trappa. Her har kultursektoren mykje å bidra med.

2.3.8. Trendar i ungdomsmiljøa – Tal frå Ungdata

Dei regelmessige undersøkingane Ungdata gir mykje informasjon om både folkehelse, fritid og kultur hjå dei unge i Bjørnafjorden. Tal viser at dei aller fleste barn og unge har delteke eller vore innom ulike typar organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten. Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arenaer for samvær med andre unge og gir andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen, og meir uformelle situasjonar.

Samandrag av Ungdata-rapporten for 2024.

2.3.9. Endringar i dei fysiske miljøa – tap av natur og kultur – arealkonflikt – ulike arealinteresser

Ei av dei største globale utfordringane i dag er tap av naturmangfald og klimakrise på grunn av menneska sin påverknad på omgirnadane og irreversible endringar av landskap.[1]

[1] Meld.St. 16 (2019-2020) s. 5

Bjørnafjorden kommune er i stor utvikling som følgje av stor tilflytting til delar av kommunen og ny næringsutbygging. Dette fører til arealendring og naturtap og påverkar både kulturlandskap, landskap, kulturmiljø og natur.

2.4. Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget til sektorplanen med ulike rapportar og oversiktsdokument, er samla på eiga nettside på kommunen si heimeside. Bjørnafjorden kommune abonnerer også på datagrunnlag som blir jamleg oppdaterte frå Telemarksforsking:

I norsk kulturindeks for 20254 er Bjørnafjorden rangert som nummer 313 av 357 kommunar.

Den klart beste delrangeringa finn vi innan scenekunst, på grunn av spesielt mange danse-framsyningar dette året. Slik pleier det ikkje å vera.

Meir stabile kategoriar er kulturarbeidsplassar, kulturarrangement og kunstnartettleik, og i alle disse er Bjørnafjorden rangert over middels av norske kommunar.

Kommunen si svakaste plassering finn vi innan kultur for barn og unge, kino, frivilligheit og bibliotek. Dette er kategoriar der det er typisk at *distriktskommunar* gjer det godt, sidan m.a. bibliotek og kulturskole er lovpålagt, noko som gir "smådriftsfordelar".

Tilsvarande indeks for idrett viser gode aktivitetstal, særleg for barn. Likevel ligg Bjørnafjorden noko under snittet for landet. Når det gjeld anleggsdekning, og særleg anleggsdekning per aktiv, kan Bjørnafjorden visa til særs gode tal samanlikna med dei fleste andre kommunar.

HANDLINGSDEL

1. TEMA MED MÅL OG STRATEGIAR 2027-2038

1.1. Kommunalt fritidstilbod – aktiv fritid for alle

Regjeringa, KS og frivillig-Noreg står bak den nasjonale «Fritidserklæringa» frå 2022. Den bygger på FN sin konvensjon om barn sine rettar, artikkel 31: Leik og fritid. Barnet har rett til kvile, fritid og leik, og til å ta del i kunst og kulturliv.

Vestland fylkeskommune (vlfk) har slutta seg til denne med «Fritidserklæringa Vestland». Vlfk sin visjon er at «Alle barn og unge skal kunna delta jamleg i minst *ein* organisert fritidsaktivitet».

Gjennom Fritidserklæringa Vestland vil partane bak jobba for følgjande mål:

- Fritidsaktivitetane skal vera opne, trygge og inkluderande.
- Vi skal jobba for å fjerna barrierar for deltaking, både fysiske og psykiske.
- Fleire arenaer for fritidsaktivitetar skal vera universelt utforma.
- Vi skal sørga for at kostnadene blir låge, slik at økonomi ikkje hindrar deltaking.
- Alle barn og unge skal kunna finna ein aktivitet dei trivst med.
- Barn og unge skal kunna utvikla seg og oppleva meistring gjennom fritidsaktivitetar.
- Vi skal sikra barn og unge sin medverknad i utviklinga av fritidsfeltet.

Under tema fritid er fokuset på tiltak i kommunal regi som rettar seg mot prioriterte grupper: m.a. menneske med funksjonsvariasjonar, eldre, barn og unge. Fritid i regi av frivillige organisasjonar ligg til tema frivillig mobilisering.

Samfunnsmålet til Bjørnafjorden kommune er Det gode liv for alle. Nasjonalt er det satsingar under overskriftene «Alle med» og «Alle inkludert».

God livskvalitet er ein viktig verdi og eit ønskemål. Sjølv om Noreg har ei befolkning med relativt god livskvalitet, er den ujamt fordelt, og for enkelte grupper går utviklinga i feil retning. Berre 40 prosent av unge med funksjonsvariasjonar er stort sett nøgde med livet og synest det dei driv med er meiningsfylt.

Ved innlemming av FN-konvensjonen kalla CRPD (Convention on the Rights of Persons with Disabilities) i menneskerettane, er fritid også blitt ein menneskerett heimla i lovverket. Artikkel 30 slår fast at personar med funksjonsvariasjon har rett til å delta i kultur- og fritidsliv. Det betyr at kommunane ikkje berre *bør* legga til rette – dei har rettsleg plikt til det.

Det er ein viktig verdi for samfunnet at alle får delta i sosiale fellesskap og aktivitetar. Som det går fram av Fritidserklæringa må «*alle barn og unge (..) inkluderes på lik linje, uavhengig av for eksempel kjønn, etnisitet, religion, seksuell orientering, funksjonsevne, bosted og foreldrenes sosiale og økonomiske situasjon*».

Sosial deltaking er avgjerande både for personleg utvikling, trivsel og helse for den enkelte. Det vil også gi ein positiv økonomisk effekt i eit større perspektiv, som *den heilskaplege innsatstrappa i Bjørnafjorden*, om vi lukkast med å gi eit differensiert og godt tilbod.

I Bjørnafjorden kommune blir det jobba godt med å inkludera barn og unge og grupper med særlege behov for tilrettelegging, både i det frivillige lagslivet og dei offentlege fritidstilboda. Potensialet for ei breiare deltaking er stort.

Det blir viktig å gi gode vilkår og rammer for å utvikla dei kommunale tilboda som kan bygga ned barrierar for deltaking og aktivitet. Dette omfattar mellom anna å styrka delingskulturen gjennom BUA (Barn, ungdom og aktivitet – utstyrssentralar) og vidareutvikla gode støttekontakttenester. I dette arbeidet blir det òg nødvendig å søka ekstern finansiering for nye tiltak og vera open for samskaping med frivillig sektor.

Det må vera god informasjon om kva tilbod som finst og enkelt å ta del i aktivitet. Det må vera fokus på universell utforming slik at alle kan ta del i fritidsarenaer på like vilkår.

Bjørnafjorden kommune sluttar seg til den nasjonale Fritidserklæringa. Vi har tatt måla i Fritidserklæringa for Vestland inn i mål og strategiar for temaet «Kommunalt fritidstilbod – aktiv fritid for alle», men utvida til i prinsippet å gjelda alle aldersgrupper.

Mål		**Strategiar**	
1.1.A	**Fritidsaktivitetane skal vera opne, trygge og inkluderande**	1.1.A.1	Vi dreier innsatsen mot tidleg innsats og førebyggande arbeid, inkludert samarbeid med lag og organisasjonar
		1.1.A.2	Vi satsar på opne møteplassar og klubbtilbod for grupper som treng tilrettelagde tilbod for å hindra sosial utanforskap
1.1.B	**Vi skal jobba for å fjerna barrierar for deltaking, både fysiske og psykiske**	1.1.B.1	Vi arbeider for transport- og rutetilbod som lettar deltaking
		1.1.B.2	Fleire arenaer for fritidsaktivitetar skal vera universelt utforma.
		1.1.B.3	Vi brukar samhandlingsplattforma til Miljøløftet aktivt for å prioritera prosjekt som gang- og sykkelvegar
		1.1.B.4	Vi sikrar ei berekraftig støttekontaktteneste for å stimulera til inkludering og aktivitet
1.1.C	**Vi skal ha eit velferds- og fritidstilbod som reduserer forskjellar og stimulerer til aktivitet og mangfald**	1.1.C.1	Vi skal sørga for at kostnadene blir låge og vilkåra gode, slik at økonomi ikkje hindrar deltaking.
		1.1.C.2	Vi utviklar gode kommunale fritidstilbod og samarbeider med frivillige lag og organisasjonar for å utvikla gode, varierte og trygge kultur-, idretts- og fritidstilbod for alle
		1.1.C.3	Vi satsar på delingskultur gjennom utvikling av BUA-konseptet
1.1.D	**Alle barn og unge og andre brukargrupper skal kunna finna ein fritidsaktivitet dei trivst med og oppleva meistring.**	1.1.D.1	Alle barn og unge skal kunna delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet som gjer at dei kan utvikla seg og oppleva meistring
1.1.E	**Vi skal sikra barn og unge og andre brukargrupper sin medverknad i utviklinga av fritidsfeltet**	1.1.E.1	Vi involverer både brukargrupper, interesseorganisasjonar og politiske råd i arbeidet med å gi og utvikla eit godt fritidstilbod

1.2. Frivillig mobilisering

Ifølge frivilligmeldinga (St. meld.10) skaper frivilligheit engasjement, fellesskap, inkludering og kulturell og demokratisk innsikt. Høg frivillig deltaking er avgjerande for den tilliten vi har i samfunnet vårt. Frivillig aktivitet hindrar utanforskap og fremjar inkludering. Lagslivet er den beste skulen i demokrati, der vi kan avdekka behov og finna nye løysingar.

Frivillig sektor er avgjerande i **den norske beredskapsmodellen** og bidreg til å sikra vår felles kulturarv. Gjennom frivillig aktivitet opplever vi livsglede, det å høyra til og bli verdsett, noko som er med på å fremja god folkehelse.

Bjørnafjorden kommune har ein stor og mangfaldig frivillig sektor med over 300 registrerte lag og to frivilligsentralar som engasjerer mange frivillige. Frivillig sektor gir store bidrag til lokalsamfunnet og blir ein viktig samarbeidspart for at kommunen skal kunna yta velferd og møta framtidige utfordringar, slik den kommunale satsinga **den heilskaplege innsatstrappa** peikar på. I følgje SSB har frivillig arbeid på nasjonalt nivå ein årleg verdi på ca. 100 mrd. kr.

Samstundes har frivillig arbeid og aktivitet ein stor **eigenverdi** og er viktig for livskvaliteten til den enkelte bjørnafjording. Frivillig aktivitet og engasjement gir bulyst og trivsel.

I framtida vil vi få ei aldrande befolkning med færre yrkesaktive og høgare press på dei kommunale tenestene. Skal kommunen makta å løysa dei store utfordringane som vil koma, særleg i helse- og omsorgssektoren, må vi mobilisera den frivillige krafta som eit fungerande sivilsamfunn representerer. Frivillig arbeid blir derfor ein viktig ressurs som må røktast godt.

Frivilligsentralane vil få ei **nøkkelrolle** i å koordinera ei slik mobilisering av frivillige. Ein ambisjon om auka frivillig aktivitet, må følgast opp med ei styrking av kapasitet og evne til å rekruttera, koordinera og halda på dei frivillige over tid.

Frivillig sektor har også ei nøkkelrolle i å integrera nye landsmenn og til å få nye innbyggarar til å bli aktive og tatt opp i nærmiljøa. Bjørnafjorden er ein av 40 større kommunar i landet som får øyremerka tilskot til **integrering** i regi av lag og organisasjonar frå Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI). I 2026 vart det fordelt kr. 485.000 på 16 tiltak i Bjørnafjorden.

Kulturmidlar er ordninga for generelle kommunale driftstilskot til lag og organisasjonar. Det vart fordelt kr. 605.000 på 47 søknader i 2026. Ordninga er sterkt svekka over tid, trass i at kulturmidlane er viktige, særleg for dei mange små laga med liten økonomi. Kulturmidlane må styrkast om kommunen meiner alvor med prinsippet om at tilskotsordningar skal vera robuste, og posten må prisjusterast årleg.

Lagslivet og frivillig arbeid er ein viktig del av **den sosiale og kulturelle grunnmuren** samfunnet er bygd på. For å unngå at denne grunnmuren forvitrar, må Bjørnafjorden kommune ha ein aktiv frivilligpolitikk som må bygga på føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel og den vedtekne frivilligstrategien.

Os frivilligsentral og Fusa frivilligsentral er sentrale pilarar i denne frivilligpolitikken saman med andre tilsette i kultureininga. Sjølv om kultureininga og sentralane har ei nøkkelrolle i den lokale frivilligpolitikken, må det byggast ein kompetanse og evne til samskaping med frivillig sektor i alle kommunale tenester der det er relevant og formålstenleg.

Bjørnafjorden kommune har gjennomført både ei frivilligkartlegging og vedtatt ein frivilligstrategi. Den overordna visjonen i frivilligstrategien er at det skal vera enkelt å vera

frivillig i Bjørnafjorden. Strategien må no følgast opp og spissast inn mot det lokale kulturlivet i ein handlingsdel.

Bjørnafjorden kommune skal:

- vera ein god tilretteleggar for frivilligheit
- vera ein meir inkluderande kommune
- styrka samarbeidet og samskapinga med frivillig sektor

Denne ambisjonen inneber at det må byggast kapasitet til å vera ein slik tilretteleggar. Det må vera vilkår som sikrar inkludering, og ressursar som gjer at samarbeid og samskaping med frivillig sektor kjem styrka ut i møte med dei utfordringar Bjørnafjorden som lokalsamfunn møter.

Mål		**Strategiar**	
1.2.A	**Bjørnafjorden kommune skal vera ein god til retteleggar for frivilligheit**	1.2.A.1	Vi har treffsikre og berekraftige kommunale tilskotsordningar og kommunale ytingar som støttar opp om frivillig arbeid. Samstundes nyttar vi potensialet som ligg i aktivt å søkja om eksterne midlar
		1.2.A.2	Vi legg til rette for delingskultur: å dela utstyr og anlegg, opplevingar, kunnskap og kompetanse
		1.2.A.3	Vi stiller eigna kommunale bygg som t.d. skulebygg og bibliotek, gratis til disposisjon for aktivitetar i nærmiljøet i regi av lagslivet og frivillige
		1.2.A.4	Vi satsar på frivilligsentralane gjennom økonomiske bidrag til drift og eigna lokale for aktivitet, og nyttar frivilligsentralane aktivt for å stimulera til frivillig innsats og nyskaping i kultur- og lagslivet
		1.2.A.5	Vi tar vare på eldsjelene og dei frivillige ved å skapa trygge, inkluderande møteplassar der vi tilbyr både opplevingar, kompetanseheving og sosialt fellesskap
1.2.B	**Bjørnafjorden kommune skal vera ein inkluderande kommune**	1.2.B.1	Vi har gode løysingar for deltaking og aktivitet som motverkar/hindrar utanforskap, og set krav om inkludering i tilskotsordningar kommunen har ansvar for
		1.2.B.2	Vi synleggjer lag og organisasjonar i lokalsamfunnet og gjer dei meir tilgjengelege for innbyggarane
		1.2.B.3	Vi gjer kommunale og lagseigde bygg fysisk tilgjengelege for alle, så langt praktisk mogleg
1.2.C	**Vi skal styrka samarbeidet og samskapinga med frivillig sektor**	1.2.C.1	Vi satsar på koordinatorar/ koordinatorfunksjonar for å stimulera frivillig arbeid. Vi er open for og imøtekjem initiativ for samskaping med lagslivet.
		1.2.C.2	Vi organiserer felles forum og møteplassar i dialog med lagslivet og tar initiativ til og støttar arbeid med å utvikla nettverk og samarbeid
		1.2.C.3	Kommunen inngår forpliktande skriftlege samarbeidsavtalar for å få føreseielege vilkår og kjøper tenester frå lagslivet der det er tenleg

1.3. Idrett – fysisk aktiv heile livet

1.3.1 Idretten si kraft

Den organiserte idretten i Noreg er ei vital kraft som representerer ei verdiskaping som er viktig for god **folkehelse**, gode **oppvekstmiljø** og **identitetsbygging** for den enkelte, lokalmiljøet og nasjonen.

Idrettsrørsla er bygd på frivillig arbeid og gir høve til fellesskap, meistring og livsglede. Idrett og fysisk aktivitet representerer også arbeidsplassar i idrettslag, profesjonelle karrierar som utøvarar, trenarar og leiarar, og sysselsetting i drifta av treningsentra.

Bjørnafjorden har idrettslag og skyttarlag med lange og stolte tradisjonar. Vi har store breiddeidrettslag og mindre nisjeidrettslag som til saman organiserer og driftar aktivitet som meir enn ¾ av alle unge er innom i oppveksten.

Vi har fleire miljø i både sommar- og vinteridrett som har fått fram toppidrettsutøvarar som har hevda seg både nasjonalt og internasjonalt. Gode resultat og prestasjonar over tid føreset m.a. tilgang på kompetente trenarar, og for dei fleste idrettar; gode treningsforhold, anlegg og vitale breiddemiljø.

1.3.2 Fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet er all kroppsleg bevegelse, og regelmessig fysisk aktivitet gir dokumentert positiv helseeffekt både fysisk, psykisk og sosialt. Samstundes veit vi at for *lite* fysisk aktivitet er ein risikofaktor for utvikling av ei rekkje sjukdommar. Eit viktig mål er å gjera det enkelt for innbyggarane å ta sunne val jf. Folkehelseoversikta.

I følga Ung-data tal frå 2024 er det 80 % på mellomtrinnet som trenar eller driv med idrett minst ein dag i veka. På ungdomstrinnet har dette auka til 83 %. Nesten seks av ti som har vore med i ungdomsidretten, sluttar før dei blir 18 år. Ungdomstida er ei tid då mange får nye interesser, og det er naturleg at mange vel andre måtar å vera fysisk aktive på.

Ungdommane i Bjørnafjorden ligg nokså likt med ungdommane nasjonalt når det gjeld kor ofte dei trenar på vidaregåande skule, men litt under nasjonalt snitt for trening minst fem gonger i veka: 35 % i Bjørnafjorden trenar minst fem gonger i veka, mot 39 % nasjonalt. Treningsstudio og trening på eiga hand er dei mest populære treningsformene for denne aldersgruppa.

Regelmessig fysisk aktivitet i ungdomsåra ser også ut til å vera viktig for å etablera gode vanar som varer livet ut for den enkelte. Aktivitetsnivået påverkar helsa di og får i neste omgang ein konsekvens for samfunnet. Det er bakgrunnen for at fysisk aktivitet er blitt eit prioritert tema i **Innsatstrappa i Bjørnafjorden**.

Kommunen driftar store og kostnadskrevjande anlegg som er viktige for å skapa aktivitet, som t.d. idrettshallar og svømmehallar. Anleggspolitikken både på idretts- og friluftsfeltet blir behandla i dei komande kapitla og er viktige føresetnader for den fysiske aktiviteten i lokalmiljøa. I kulturplanen er det særleg fokus på fysisk aktivitet i regi av frivillige lag.

Friluftsliv er ei sentral kjelde til fysisk aktivitet for alle aldersgrupper. Tal frå SSB viser at dei eldre i seinare år har blitt mykje meir aktive i friluft, og at åtte av ti no går fotturar.

Treningssenter med kommersiell drift har fått eit stort omfang. I område der det ikkje har vore grunnlag for kommersiell drift, har det i fleire tilfelle vorte etablert treningsrom med ideell

organisering. Det finst lite lokal statistikk på området, men trening ved private treningssenter ser ut til å ha ein positiv effekt på folkehelsa.

Bruk av dopingmidlar i treningsmiljø er eit problem også i Bjørnafjorden. Det har over tid vore eit samarbeid mellom kommune, politi, lokale treningssenter og Antidoping Norge om opne temakveldar, der det har blitt informert om sunne kosthaldsvanar og farane ved bruk av dopingmidlar. Det blir viktig å vidareføra det førebyggande arbeidet på dette området.

I mange organiserte idrettar blir det stilt store krav til utstyr og deltaking, og det kan kosta ein del å vera med. Dette kan vera ei utfordring for å nå overordna målsettingar om "idrettsglede for alle". Fleire idrettslag har ordningar for å hjelpa dei familiane og medlemane som av sosiale grunnar ikkje har økonomi til å delta. Du kan også søka direkte til Nav Bjørnafjorden som samarbeider tett med idrettsrådet. BUA er også eit verkemiddel som er sosialt utjamnande og som får fleire i fysisk aktivitet ved utlån av utstyr.

Geografiske forhold og kvar ein bur, har også mykje å seia for aktivitet. Avstand til aktivitetsarena og kollektivtilbod kan avgrensa deltakinga. Ofte let det seg løysa privat, saman med naboar eller i regi av lagslivet. Rett lokalisering av anlegg, og rutetilbod i kollektivtrafikken blir viktig i åra som kjem.

Blant innbyggjarar med minoritetsbakgrunn er aktivitetsnivået lågare enn i befolkninga elles. Gjennom målretta bruk av IMDI-midlar kan kommunen stimulera til både integrering og auka deltaking i fysisk aktivitet.

Utover arbeid med dei fysiske rammene innan idrett, friluftsliv og nærmiljøet, er kommunen avhengig av å spela på lag med dei ulike frivillige organisasjonane. Idrettslag og friluftsorganisasjonar tek eit stort ansvar for anlegg og gjennomføring av aktivitetane, og dette har stor betydning for å kunna utøva fysisk aktivitet for ulike målgrupper.

I tillegg til det arbeidet lag og organisasjonar gjer, har kommunen eit ansvar for å leggja til rette for fysisk aktivitet for barnehagar og skular, offentlege helsetenester og ulike typar førebyggande arbeid.

I arbeidet med den heilskaplege innsatstrappa er fysisk aktivitet eit prioritert delområde. Målet er å få fleire innbyggjarar i aktivitet og gjera informasjon om dei lokale aktivitetstilboda lettare tilgjengeleg.

1.3.3 Idrettsanlegg

I Bjørnafjorden er det meir enn 75 hovudanlegg som har motteke spelemidlar. Dei er lokaliserte kringom i heile kommunen og utgjer viktige møteplassar og aktivitetsarenaer både for skular, idrettslag og uorganisert idrettsleik.

Idrettsprofilen til Bjørnafjorden laga av Telemarksforsking, viser at vi har relativt mange aktive innan hestesport, golf og luftsport. I dei store idrettane har vi relativt stor aktivitet i handball og fotball. Dette har samanheng med tilgang på anlegg. Vi har 16 kunstgrasbanar (banar mellom 7-ar og 11-ar). Det nasjonale normtalet for handballbanar som Norges hånballforbund opererer med, er at det bør vera *ei* hallflate per 4.500 til 5.000 innbyggar. I Bjørnafjorden har vi seks hallflater på 26.000 innbyggarar og dermed god dekning.

Samtidig er det utfordrande å få nok treningstid til dei laga som søker. Hallar og gymsalar skal dekka behova til fleire idrettar, ikkje berre handball. Volleyball, basketball og kampsport er døme på aktivitetar som òg er avhengige av eigna innandørsanlegg.

Ved planlegging og bygging av nye anlegg er det viktig å leggja til rette for fleirbruk der det er mogleg. Dette gir rom for at fleire idrettar kan nytta anlegga og at nye aktivitetstilbod kan utviklast. Det er også ein fordel å lokalisera nye anlegg slik at både skular og frivillige lag kan ta dei i bruk. Sambruk og fleirbruk gir betre ressursutnytting, er økonomisk gunstig og kan redusera miljøbelastninga.

Kommunen har i dag ein blandingsmodell der kommunale idrettsanlegg er drifta på ulike måtar. **Os idrettspark Bjørnafjorden KF** driftar fleire store idrettsanlegg, både baneanlegg utandørs og hallar. Vi bør sjå på om det kommunale foretaket kan ta eit større ansvar for å sikra god fagleg og berekraftig drift av fleire anlegg, som kunstgrasbanar på somme skular og Eikelandsosen symjehall.

Det er bygd mykje nytt i siste planperiode, men samstundes har det vore mange mindre prosjekt med rehabilitering av eksisterande anlegg. Behovet for rehabilitering vil auka i takt bygging av nye anlegg. Prinsippet om at søknader om rehabilitering går føre søknader om nye anlegg ved prioritering av spelemidlar, blir vidareført i ny planperiode.

Fleirtalet av dei lokale idrettsanlegga er eigd og drifta av idrettslag og skyttarlag. I mange tilfelle eig kommunen eller det offentlege (Statskog) grunnen. Det har vist seg å vera ein god modell som har sikra engasjement og lokalt eigarskap. I andre tilfelle eig idrettslaga både anlegg og grunn, medan kommunen brukar anlegget til undervisning. Avtaleverket på idrettsfeltet må gjennomgåast for å få eins praksis, like og ryddige vilkår og velfungerande samarbeid.

Det blir viktig at kommunen gjennom arealplanarbeidet sikrar rom for å utvikla og å bygga ut anlegga inn i ei ny tid.

Ein av dei største utfordringane som idrettslaga og kommunen står føre det komande tiåret, er auka kostnader ved rehabilitering av fotballbanar, då det kjem forbod mot bruk av gummigranulat som innfyll frå 2031. Det ligg også føre i tid rehabiliteringsoppgåver og behov i kommunale idrettsbygg. Os idrettshall sto ferdig i 1983 og Osbadet i 2006. I dei komande åra må det påreknast større kostnader til vedlikehald og utskiftingar. Det gjeld m.a. fasadeplater, ventilasjonsanlegg og sklie. Parketten i gamle Os idrettshall kan ikkje slipast fleire gonger og må skiftast ut ved neste korsskifte. Eikelandsosen symjehall som er bygd på 1980-talet, har periodevis hatt driftsproblem og er blitt rehabilitert i fleire etappar. Her det behov for å rehabilitera taket.

1.3.4 Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg er mindre utandørs aktivitetsanlegg knytt til område for eigenorganisert idrett eller fysisk aktivitet. I Bjørnafjorden kommune har det vorte bygd mange nye nærmiljøanlegg som er knytt til skular, idrettslag eller område for bu- og opphaldsareal. Døme på denne type anlegg er ballbinge, klatreapparat, hinderløype og sykkelbane. Mange av desse anlegga er delfinansierte gjennom spelemiddelordninga.

I Bjørnafjorden kommune har desse anlegga vore eit satsingsområde for inneverande planperiode og siste 10 åra har alle kommunale skular og barnehagar fått ei opprusting av sine uteanlegg.

Det er etablert ei ordning med tilsyn med dei kommunale leikeplassane, men det har vore uavklart korleis ein skal dekka kostnader med vedlikehald. Hærverk har vore eit aukande problem. Stor og ofte hardhendt bruk fører til stor slitasje.

Grendalag og velforeiningar har stått som utbyggarar fleire stader. Nye statlege reglar gjer at dei ikkje kan stå som søkarar på statlege spelemidlar frå 2027, noko som skaper ein heilt ny situasjon. Samstundes er det ønskeleg frå kommunen si side å få gode retningsliner som kan sikra at det vert bygd gode aktivitetsareal i bumiljøa i samband med nye bustadområde.

1.3.5 Tilskotsordningar

Bjørnafjorden kommune har ulike tilskotsordningar og økonomiske verkemiddel på idrettsfeltet.

Idrettslaga kan søka om driftstilskot til aktivitet gjennom **kulturmidlane**, sjå pkt. 1.2. I tillegg har Bjørnafjorden idrettsråd i dag eit årleg driftstilskot på 30.000 kroner.

Det er også ei ordning med **driftstilskot til private idrettsanlegg**. Denne ordninga er ikkje justert etter kommunesamanslåinga. På Os-sida har tilskot gått til drift av kunstgrasbanar med ulike satsar. I tidlegare Fusa kommune har tilskot vorte fordelte på fleire typar anlegg, men med mindre satsar på kunstgrasbanar enn på Os.

I tillegg er det kommunalt driftstilskot til Stiftelsen Nore Neset aktivitetshus for første byggetrinn med hall og Symrasal, og seinare i 2022 nytt driftstilskot til Nore Neset IL for Nore Neset arena. Samla tilskot hadde i utgangspunktet ei ramme på 1,1 mill. kroner. Avtalen for første byggetrinn har ikkje indeksregulering, medan tilskot til ny hall har det.

Bjørnafjorden kommune har ikkje ei fast ordning for **kommunale tilskot til investering** i private idrettsanlegg. Nye tilskot må fremjast som saker for politisk behandling etter søknad.

I tidlegare Fusa kommune var praksis at kommunen løyvde tilskot til 1/3 av totale kostnader. Ei årleg kommunal løyving på 300.000 kroner var ikkje nok til å halda tritt med behovet. Det gjer at Bjørnafjorden kommune stadig betaler på utestående tilskot til idrettslaga. Frå 2027 står det att kr. 1.416.000 å betala ut. Om denne gjelda blir sanert, kan 300.000 kroner i driftsbudsjettet frigirast til ei styrking av tilskot til drift av private anlegg. Det vil også avhjelpa laga som har venta lenge på kommunale tilskot utan rentekompensasjon.

Det vert ikkje gire kommunale tilskot til private nærmiljøanlegg, men det er etablert ei ordning med **kommunal forskottering** av statleg spelemidlar. Denne ordninga bør vidareførast. Det har i planperioden ikkje vore praksis å forskottera spelemidlar til private hovudanlegg. Unntaket er Nore Neset Arena i 2022 grunna kraftig renteauke på kort tid.

Eit anna verkemiddel kommunen har er **økonomiske garantiar**. Tidlegare følgde det garantiansvar for kommunane med spelemiddelordninga, men slik er det ikkje i dag. Søknader om kommunal økonomiske garanti må fremjast som politisk sak.

Gjennom forvaltning av **statlege spelemidlar** til kommunale prosjekt og anlegg i regi av lag og organisasjonar har kommunen medverka til store investeringar i lokalsamfunnet. Det er difor viktig å vidareføra den gode oppfølginga av søknads- og tilskotsprosessane. Frå 2015 til 2024 vart det utløyst over 80 millionar kroner i statlege løyvingar.

Det blir viktig å fokusera på å ta vare på dei verdiane som er skapt. Prinsippet om prioritering av rehabilitering før nye prosjekt, bør difor vidareførast i ny planperiode.

Rutinar, prinsipp og praksis for søknadsprosessen for statlege spelemidlar bør gjennomgåast på nytt og endrast i eiga politisk sak til tensteutvalet.

Det vil også vera å dra opp dei store linene for anleggsbehov og anleggsutvikling i planperioden 2027-2038. Ein slik **langtidsplan** må utarbeidast i dialog med den frivillige idretten og fremjast som ei eiga sak.

Mål		Strategiar	
1.3.A	**Vi skal arbeida førebyggande for å sikra god folkehelse, fremja inkludering og idrettsglede**	1.3.A.1	Vi arbeider førebyggande for å motverka bruk av dopingmidlar i treningsmiljøa
		1.3.A.2	Vi sikrar gode økonomiske støtte-ordningar som hindrar sosialt utanforskap og fremjar kulturell inkludering
		1.3.A.3	Vi sikrar trygg og trafikksikker tilkomst og universell utforming av idrettsanlegga
1.3.B	**Bjørnafjorden kommune skal stimulera og leggja til rette for å auka den daglege fysiske aktiviteten blant innbyggjarar i alle aldrar enten individuell, eigenorganisert eller organisert i lag og organisasjonar**	1.3.B.1	Vi utviklar og byggjer anlegg som gir eit mangfaldig og variert idrettstilbod
		1.3.B.2	Vi lagar retningsliner som sikrar bygging av gode og varierte aktivitetsareal og møteplassar i nye bustadområde
		1.3.B.3	Tilrettelegging for barn og unge skal prioriterast, men vi skal også ha fokus på å utvikla attraktive nærmiljø med eit aktivitetstilbod til breie grupper, og særleg ivareta inaktive og utsette grupper
		1.3.B.4	Vi prioriterer fysisk aktivitet i kommunal planlegging og utviklar aktivitetsvenlege nærmiljø med korte avstandar til møteplassar, nærmiljøanlegg, turvegar og grøne område
1.3.C	**Bjørnafjorden kommune skal ha ein berekraftig og langsiktig anleggspolitikk**	1.3.C.1	Vi prioriterer rehabilitering før bygging av nye anlegg
		1.3.C.2	Vi sikrar at tilskot til drift av idrettsanlegg følgjer pris- og kostnadsveksten
		1.3.C.3	Vi set av areal som sikrar utvikling av idrettsanlegga over tid
		1.3.C.4	Vi utviklar nye idretts- og nærmiljøanlegg i samband med skuleutbygging og nye bustadområde som sikrar både skulane og nærmiljøet sine behov
		1.3.C.5	Vi styrkar samhandlinga med den organiserte idretten og andre aktørar

1.3.6 Spel- og datakultur – den nye folkesporten

I budsjettet for 2020 ba kommunestyret kommunedirektøren om å utarbeida ein strategi for e-sport og opna for at denne kan inngå i ein overordna plan.

Gaming- og datakultur er i dag ein stor del av fritida til mange barn og unge, det syner Ungdata-tal. Det representerer både sosiale arenaer, læringsmoglegheiter og framveksande næringar. I dag er det organiserte miljø i fleire bygder og krinsar.

E-sport var eit delprosjekt i **Prosjekt Verdsett 2021-2024**. Delprosjektet var finansiert med eksterne tilskot frå Program for folkehelsearbeid i kommunane. Satsinga bidrog til nye innsikter, samarbeidsformer og utvikla nye aktivitetstilbod innan e-sport i kommunen.

Spelkulturen i dag rommar også andre meir tradisjonelle former som sjakk, bridge, rollespel og ulike typar brettspel. Bjørnafjorden har fleire miljø med stor aktivitet i denne delen av spelkulturen.

Kommunen har eit ansvar for å sikra trygge, inkluderande og utviklande rammer for desse aktivitetane, til liks med andre aktivitetar innan kultur og idrett.

Fritidskulturen til barn og unge inneber i dag stor grad av aktivitet på ulike typar digitale skjermar. På mellomtrinnet i barneskulen er jenter meir aktive på ***sosiale medium***, gutar meir aktive innan gaming. Bjørnafjorden ligg over nasjonalt nivå både når det gjeld skjermbruk på meir enn tre timar dagleg og bruk av dataspel og sosiale medium i minst éin time etter skuletid.

Det meste av ***gaming*** er uorganisert og skjer i private lukka rom. Aktiviteten på nett kan likevel vera sosial og gjerne over landegrenser! Med e-sport er dataspelinga blitt organisert idrett. Gaming og e-sport krev utstyr som ikkje alle har og somme kan bli haldne utanfor grunna økonomi og sosiale forhold. Det er få offentlege bygg med utstyr og teknisk kapasitet som kan tilby gaming og dataspel.

Det er behov for både gratis lågterskel møteplassar med tilgjengeleg utstyr og lokale for organisert gaming og e-sport. Samstundes krev drift av ein maskinpark og tilrettelagde lokale betydelege ressursar. I dag finst det ingen kommunale tilskotsordningar for investeringar, drift eller utstyr på dette området.

For å sikra at spel- og datakultur får likeverdige vilkår som andre kultur- og fritidsaktivitetar, er det behov for betre tilrettelegging, fleire møteplassar, styrkt infrastruktur og målretta tiltak som fremjar inkludering og førebyggjer uønskt åtferd.

Bjørnafjorden kommune sin strategi for spel- og datakultur bygger på Vestland fylke sin strategi for e-sport og gaming 2023-2024.

Mål		**Strategiar**	
1.3.D	**Bjørnafjorden kommune skal ha gode og framtidsretta fysiske, digitale og organisatoriske rammer for spel- og datakultur i samarbeid med frivillige aktørar og fagmiljø.**	1.3.D.1	Vi støttar frivillige organisasjonar som driv med spel- og datakultur gjennom rettleiing og tilskot
		1.3.D.2	Vi legg til rette for møteplassar og samarbeid, og medverkar til gjennomføring av større, samlande arrangement

1.3.E	**Spel- og datakultur skal ha tilgang på eigna lokale, tilstrekkeleg digital infrastruktur og føreseielege og likeverdige vilkår for aktivitet.**	1.3.E.1	Vi nyttar og vidareutviklar bibliotek, idrettsbygg, Ung arena/ Os aktiv og kulturhus som arenaer for spel- og datakultur
		1.3.E.2	Vi sikrar at tilrettelegging for spel og e-sport blir del av planlegging av nye bygg
		1.3.E.3	Vi legg til rette for tilgang til kommunale lokale for spel- og datakultur
1.3.F	**Bjørnafjorden kommune skal sikra brei deltaking, like moglegheiter og arbeida systematisk for å redusera barrierar for deltaking i spel- og datakultur**	1.3.F.1	Vi medverkar til etablering av lågterskeltilbod og ordningar som reduserer økonomiske barrierar
		1.3.F.2	Vi fremmar deltaking uavhengig av kjønn, funksjonsevne og bakgrunn
		1.3.F.3	Vi legg til rette for medverknad frå barn og unge i utvikling av tilbod og samarbeider med relevante fagmiljø
1.3.G	**Bjørnafjorden kommune skal ha god kunnskap om trygg spel- og datakultur og arbeida førebyggande for gode spelmiljø**	1.3.G.1	Vi aukar kompetansen om trygg spel- og datakultur hos barn, unge, føresette og tilsette som arbeider med barn og unge
		1.3.G.2	Vi styrkar arbeidet mot hets, trakassering og ukultur i spel- og datakulturmiljøa
		1.3.G.3	Vi førebyggjer problematisk speleåtferd og utanforskap
		1.3.G.4	Vi medverkar til utvikling av trygge og inkluderande miljø for spel- og datakultur

1.4. Friluftsliv – i heile kommunen

1.4.1 Friluftsliv som ressurs for helse og livskvalitet

Friluftsliv er viktig for helse og livskvalitet og friluftsanlegg som turstiar og friluftsområde er ein verdifull infrastruktur for å skapa gode og attraktive bumiljø. Friluftsaktivitet har mykje å seia for folkehelsa, både den fysiske og psykiske, samstundes som det gir livsglede for den enkelte.

Bjørnafjorden kan by på det aller meste innan friluftsliv, frå høgfjellsnatur til skjergardsidyll. Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) har ansvar for heile 30 friluftsområde. I tillegg kjem område som kommunen driftar sjølv, og område som grunneigarar og nærmiljø følgjer opp.

Det er mange lokale organisasjonar som er engasjerte i friluftslivsaktivitet. Kommunen samarbeider mellom anna med Os turlag om **Opptur** - ein felles turdag for 8. trinn på Os-sida av kommunen. Det er ikkje ei tilsvarande organisering og eit Opptur-arrangement for elevane ved Fusa ungdomsskule.

1.4.2 Turstiar og ferdselsårer

Bjørnafjorden har store friluftsressursar i eit omfattande nettverk av turstiar. Over 70 turtrasear med til saman 297 kilometer lengd er kartlagde, men det er òg ei rekkje turstiar og turvegar som ikkje har kome med her, der ferdsel er sikra gjennom allemannsretten.

I seinare år er det også bygd fleire dagsturhytter og sikringsbuer, både i kommunal regi og etter initiativ frå private og lag. Desse har blitt viktige turmål som skapar aktivitet, samstundes som dei gir ly og tryggleik.

Kartlegginga av friluftslivets ferdselsårer syner at vi har gode tilbod om løyper for dagsturar i skog og fjell. For desse løypene er det viktig å få ryddige og langsiktige avtalar både med grunneigarar og frivillige lag som sikrar ei varig og god nok tilrettelegging.

1.4.3 Forvaltning og tilrettelegging

Somme område opplever til tider pressproblem med manglande parkeringskapasitet. Nokre stader treng vi fleire parkeringsplassar. Eit anna tiltak kan vera å gje god informasjon om dei mange alternative turane og slik fordela trykket.

Kartlegginga av ferdselsårene syner også at vi har få turvegar med universell utforming. Det same gjeld fleire friluftsområde, som kan vera vanskelege å nytta for til dømes rørslehemma. Her treng vi ein eigen gjennomgang for å sjå på behov for tiltak.

1.4.4 Kystfriluftsliv

For friluftsområda har vi mange alternativ om du vil nyta det båtbaserte friluftslivet, særleg mellom Bjørnatrynet og grensa til Bergen i vest. Kommunen er også med i eit pilotprosjekt med kartlegging og tilrettelegging av ro- og padleløyper som blir vidareført i planperioden.

For friluftsområda har vi eit velfungerande samarbeid med BOF. Vinnesholmen kystlag har utvikla den kommunale eigedomen på Vinnesholmen til det kanskje best tilrettelagte friluftsområdet i heile kommunen som blir mykje nytta av skulane på begge sider av fjorden.

1.4.5 Nærfriluftsliv og vekstområde

I nasjonal friluftspolitikk har det blitt eit stadig større fokus på nærfriluftslivet, det å gå tur frå gatedøra heime eller frå skular og barnehagar. Det nære friluftslivet er viktig både for trivsel, folkehelsa og miljøet.

Det som blir ei større utfordring, er å gje eit godt tilbod med gang- og sykkelavstand i område med press på utbygging, som til dømes Lysefjorden, Nore Neset og Os sentrum.

I Lysefjorden ligg det eit stort potensiale i å utvikla den kommunale eigedomen i Leirvågen som friluftsområde.

I Os sentrum er det ei stadig sterkare fortetting som vil auka bruken av, og retta fokus på verdien av, resterande grøne lunger og sjønære areal. Ungdom har hatt ein samlingsplass på Mobergsneset. Tidlegare stupetårn er fjerna og badeflåte er teken ut av bruk grunna krevjande sjø forhold. Eitt av tiltaka som blir spelt inn er å laga ein plan for ny tilrettelegging for opphald og bading for unge her.

Samtidig som areala i sentrum og langs sjøen er under sterkt press, er det eit stort potensial i å leggja til rette for friluftsliv heile året, og for alle aldersgrupper, i Osmarka. Dette er ein unytta ressurs med sentral plassering. Vi treng ein reguleringsplan eller områdeplan for Osmarka som kan avklara dei ulike interessene i området og visa potensialet for ei stegvis tilrettelegging.

Tilgang til turterreng og stiar blir ofte gløymd når ny busetnad blir planlagd. Slik tilgang bør inn som tema i tilrettelegging av uteopphaldsområde i reguleringsplanar. Utfordringa er gjerne at desse ressursane ligg utanfor plangrensa og på andre eigedomar. Skal dette fullt ut ivaretakast, må det løysast i områdeplanar eller på KPA-nivå.

1.4.6 Friluftsliv året rundt

Det aller meste av tilrettelegginga gjeld aktivitet vår, sommar og haust. Bygdastølen ski- og tursenter gir lett tilgang til fjellet også i vintermånadane. Skianlegget med sine løyper er ein ressurs for vinterfriluftslivet for heile kommunen. Det er eit potensial til å gjera større og høgare liggande område tilgjengeleg for vinterfriluftsliv med relativt enkle tiltak. Endringar i klima og ei snøgrense som flyttar seg, vil truleg aktualisera dette.

1.4.7 Samarbeid og aktivitet

Oppsummert kan vi seia at Bjørnafjorden har mange gode anlegg for friluftsliv. Ein nøkkel i det vidare arbeidet med denne viktige grøne infrastrukturen er å vidareutvikla det gode tverrfaglege samarbeidet internt mellom kommunale avdelingar, med BOF, grunneigarar og lagslivet.

I tillegg til anleggsutvikling blir det sentralt å stimulera til aktivitet og at så vel nye tilflyttarar som nye generasjonar får oppleva og læra seg å nyta det gode friluftslivet. Opptur med felles fjelltur for ungdomstrinnet bør vera eit tiltak i heile kommunen. **BUA** med gratis utlån av utstyr er ein viktig ressurs for aktivitet til alle årstider, både for barnehagar, skular, lagslivet og familiar.

Mål		Strategiar	
1.4.A	**Bjørnafjorden kommune skal gjera det enkelt for alle innbyggarar å leva aktive og miljøvenlege liv**	1.4.A.1	Vi arbeider for å skapa entusiasme for friluftsliv og er pådrivar for klima- og miljøvenlege vanar
		1.4.A.2	Vi formidlar tilboda innan friluftsliv ut til innbyggarane
		1.4.A.3	Vi utviklar eit nærfriluftsliv basert på aktivitet med start ved eigen bustad/ arbeidsplass/skule eller barnehage.
		1.4.A.4	Vi sikrar ei universell utforming av anlegg som gjer at alle kan ta del i eit aktivt friluftsliv i eigen kommune
1.4.B	**Bjørnafjorden kommune skal styrka innsatsen for å ta vare på natur- og kulturarven i kommunen vår**	1.4.B.1	Vi legg til rette for eit aktivt friluftsliv på naturens premissar med minst moglege inngrep
		1.4.B.2	Vi sikrar verdifulle natur- og friluftsressursar i arealplanarbeid.
		1.4.B.3	Vi søkjer om eksterne midlar til klima og miljøtiltak
1.4.C	**Bjørnafjorden kommune skal samarbeida med andre for å skapa eit godt og variert friluftstilbod**	1.4.C.1	Vi formaliserer samarbeidet med turlaga og andre frivillige organisasjonar for å sikra drift og utvikling av anlegg
		1.4.C.2	Vi søkjer om eksterne midlar og utviklar samarbeid med private aktørar, for å realisera større tiltak innan friluftslivet

1.5 Kulturarv – verdiar for framtida

1.5.1 Kulturarv, identitet og verdiskaping

Bjørnafjorden kommune har ei rik og spennande kulturhistorie som er ein viktig del av den lokale identiteten. Det har budd folk i desse opne og milde fjordstrøka sidan isen trekte seg tilbake etter siste istid. Sjøen har vore både leveveg og transportåre. Kommunevåpenet viser ein oselvar som rir på bølgene. Bjørnafjorden er ein kystkommune der kystkulturen har stått sterkt og er viktig også i dag.

Kulturminne og kulturarv vitnar om tidlegare generasjonar sine levde liv, og representerer fellesskapet sin kunnskap om fortida; vårt kollektive minne. Desse menneskelege spora har stor verdi for den enkelte si identitetskjensle, trivsel og sjølvforståing, og medverkar til å gje stader eit tydeleg særpreg og eigenart. Kulturminne og kulturarv er slik viktige kjelder til kunnskap, identitet og tilhøyrsle, både for nasjonen, lokalsamfunnet og den enkelte. Dei skapar samanheng mellom fortid, notid og framtid, og styrkjer forståinga av kven vi er og kor vi kjem frå.

Kulturhistoria er ein viktig ressurs for **verdiskaping**. Bjørnafjorden har kulturbasert reiseliv frå små format som gardsturisme, til eitt av dei store historiske hotella i landet. Veteranbåtar er andre viktige brikker i det moderne reiselivet, både lokalt og regionalt. **Tradisjonshandverka** som oselvarbygging og bøkkarhandverk, er andre døme på kulturarv som bidreg både til kunnskapsformidling, sysselsetting, liv i nærmiljøa og ringverknader for andre verksemder. Vidareføring av tradisjonshandverka er også viktig for å sikra nødvendig kompetanse i vedlikehaldet av bygningsarven.

1.5.2 Forvaltning, vern og formidling

Kulturarv er tema i den overordna ROS-analysen til Bjørnafjorden: **KommuneROS 2024**. Ulike scenario og hendingar kan truga kulturminne. Det blir eit viktig fokus framover å ha nødvendig **beredskap** for å førebygga tap av kulturarv i krig og krise.

T**ap av kulturminne** er ei utfordring. Kommunen vår har registrert 2249 kulturminne i databasen Askeladden. Nasjonale tal tilseier at berre 26 % av kulturminne frå 1546-1900 er i god stand. Kunnskapsbasert forvaltning er ein nøkkel. Sentrale verkemiddel for kommunen er å ha omsynssoner med tilhøyrande retningsliner i KPA for prioriterte kulturmiljø. Utbygging av både næring, bustadføremål og infrastruktur gjer at det er store endringar i kulturlandskapa, særleg på Os-sida av Bjørnafjorden. Det blir viktig å føra vidare miljøsamanhengen kulturminna står i og sjå heilskapen i **kulturmiljøa**.

Store delar av **kulturlandskapet** i Bjørnafjorden er forma gjennom langvarig landbruksdrift. Aktiv drift, slått og beiting er avgjerande for å ta vare på landskapskarakteren, kulturmiljøa og kulturminna som inngår i desse områda. Kulturlandskapet er samstundes ein viktig arena for friluftsliv, læring og aktivitet. Tilrettelegging for ferdsel og bruk bør skje i dialog med grunneigarar og med omsyn til aktiv landbruksdrift.

Det blir viktig å **vidareføra kunnskapen** om det som er typisk, einestående, representativt eller spesielt i kulturmiljøa. Nokre kulturminne representerer stolte tradisjonar, medan andre fortel om meir krevjande historier. Slike døme er dei tyske festningsanlegga frå 2. verds-krig og den freda barneheimen etter omstreifarmisjonen på Askviknes. Vi må forvalta også den vanskelege kulturarven på ein god måte med eit langsiktig perspektiv, slik at framtidige generasjonar får høve til å tolka og reflektera over historia på sin måte utifrå si samtid.

Det pågår store spennande **prosjekt** på kulturarvsfeltet i Bjørnafjorden. Kommunen er tiltakshavar for sikring og konservering av ruinane etter Lyse kloster. Restaurering av Ole Bull sin villa på Lysøya er planlagt ferdig til nyopning av museet sommaren 2028. Realiseringa av Oselvarverkstaden som eit regionalt Oselvarsenter, er ei anna storsatsing som kan gje eit løft for lokalt reiseliv. Det blir viktig at Bjørnafjorden kommune har ei aktiv rolle som **vertskommune** for desse tiltaka, både i ein prosjektfase og seinare drift.

Det meste av verneverdige bygningar og kulturminne er i privat eige og på privat eigedom. Kommunen er også **eigar** av fleire kulturhistoriske eigedomar og må forvalta desse på ein god måte som tryggar dei kulturhistoriske verdiane. Vern gjennom bruk er eit viktig prinsipp for ei berekraftig kulturmiljøforvaltning. Bruk, ombruk, gjenbruk og transformasjon kan bidra til at kulturhistoriske miljø blir vitalisert og tatt vare på.

Historiske minne kan også vera skriftlege, digitale filer eller gjenstandar. Bjørnafjorden kommune har bygd opp eit stort digitalt **fotoarkiv** som er til fri bruk frå biblioteket si nettside. Kommunen har også eit lokalhistorisk **dokumentarkiv** med privatarkiv og lagsarkiv**.** Kommunen eig i tillegg **kulturhistoriske gjenstandar** spreidd på ulike kommunale bygg og samlingar. Om vi får digitale databasar også for dokument- og gjenstandssamlingane, vil desse bli tilgjengelege for publikum og det vil opna for bruk i ulike former for formidling.

1.5.3 Samarbeid og samskaping

Det er mykje ugjort både i **verne- og formidlingsarbeidet** på kulturarvsfeltet. Vi har ei rekke frivillige organisasjonar i Bjørnafjorden som engasjerer seg i arbeidet med å vidareføra kulturarven. Det blir avgjerande for kommunen å lukkast med aktiv samskaping med andre. Det er nødvendig med dialog og samarbeid, både med private eigarar, næringsaktørar, institusjonar, og dei mange laga og enkeltpersonane, som er engasjerte på frivillig basis.

Mål		Strategiar	
1.5.A.	**Vi brukar kulturarv, historie, kunst og kultur til å byggja fellesskap og kulturell identitet**	1.5.A.1	Vi legg til rette for felles opplevingar gjennom fellesarrangement
1.5.B	**Bjørnafjorden kommune skal styrka innsatsen for å ta vare på kulturarven i kommunen vår**	1.5.B.1	Vi legg til rette for vern av kulturarven og eit mangfald av kulturmiljø som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk
		1.5.B.2	Vi samarbeider med andre aktørar for å ta vare på kulturarven vår
		1.5.B.3	Vi jobbar for å realisera eit regionalt oselvarsenter på Osøyro, som ei vidare utvikling av Oselvarverkstaden, med aktiv formidling og vidareføring av handverkstradisjonane knytt til verdsarven vår oselvaren og små klinkbygde båtar
		1.5.B.4	Vi brukar lokale kulturminne, kulturmiljø, kulturarv og historie som ressurs for ei berekraftig samfunnsutvikling – i samarbeid med eigarar, næringsliv og frivillige aktørar
		1.5.B.5	Vi set omsynssoner rundt verneverdige kulturmiljø som er kartlagt i kulturplanen
		1.5.B.6	Vi tar vare på kulturmiljø og kulturarv gjennom aktiv bruk
1.5.C	**Bjørnafjorden kommune skal vera ein nynorskkommune**	1.5.C.1	Vi arbeider aktivt for å styrka nynorsken sin posisjon som administrasjonsspråk for kommunen, målform i skulen og allmenn bruk i lokalsamfunnet

1.6 Kulturformidling – ein vital kulturkommune

1.6.1 Stolt og rik kulturkommune

Bjørnafjorden er ein kulturkommune med stolte kulturtradisjonar. Os musikkforening er 125 år i 2026, Eikelandsfjorden musikklag følgjer etter neste år. Os mannskor hadde sitt 100-årsjubileum i 2025. Samstundes har vi fostra nokre av landets største profilar på den internasjonale musikk- og kulturscena, og vi har sterke fagmiljø og kulturinstitusjonar.

Eit sterkt frivillig og amatørbasert kulturliv er avhengig av tilgang på profesjonell kunst og kulturkompetanse. Profesjonelle kunstnarar, instruktørar, dirigentar, produsentar, teknikarar og kulturinstitusjonar bidreg til kvalitet, rekruttering, talentutvikling og kompetansebygging i heile kulturfeltet. Bjørnafjorden kommune skal derfor sjå utviklinga av det profesjonelle og det frivillige kulturlivet i samanheng.

Vi ser kunst og kultur som viktige verkemiddel for å nå målet om det gode liv for alle. Kunst og kultur gir den enkelte høve til å delta, oppleva og vera kreativ. Samstundes gir feltet oss møteplassar og sosialt samspel som er grunnleggande for at vi skal fungera som lokal-samfunn og som menneske.

1.6.2 Bjørnafjorden bibliotek

Bjørnafjorden bibliotek er ein sentral arena for kunnskap, kultur- og demokrati. Som ein sosio-kulturell møteplass svarer biblioteket direkte på samfunnsmålet til Bjørnafjorden kommune – *Det gode liv for alle,* og visjonen til kommunen om å vera eit raust og attraktivt lokalsamfunn. Biblioteket i Bjørnafjorden har to lokasjonar: Eit hovudbibliotek i Os sentrum og ein filial i Eikelandsosen.

Biblioteket er ein open og ikkje-kommersiell møteplass, og biblioteket gir fri tilgang til litteratur, informasjon, kultur og fellesskap, og legg til rette for deltaking, læring og kritisk tenking heile livet.

Samfunnet står overfor store utfordringar knytt til svekte leseferdigheiter, digital utanforskap, feilinformasjon og aukande polarisering. Biblioteket er her sentralt gjennom lesefremjande arbeid, litteraturformidling, digital rettleiing og folkeopplysning.

Biblioteket er òg ein ressurs i kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Folkebiblioteket er ikkje berre viktig kulturpolitisk. Det er også folkehelsearbeid, oppvekstpolitikk, integreringspolitikk, nærmiljøutvikling og beredskap i praksis.

Tenester i bibliotek gir målbare meirverdiar på tvers av sektorar, og viser samanhengane i den heilskaplege innsatstrappa. Biblioteket bidreg i drifta av skulebiblioteka i kommunen både gjennom kompetanseheving av skulebibliotekarar, og som systemansvarleg for skulebiblioteka.

Bjørnafjorden har eit lågt tal årsverk i biblioteket samanlikna med andre kommunar. Gode opningstider, sentralt plasserte og tilgjengelege lokale er prioritert for begge biblioteka. Hovudbiblioteket leiger lokale, og avtalen går ut i november 2027. Det er avgjerande å ha eigna lokale som gir rom for utvikling av ei framtidsretta teneste. For filialen i Eikelandsosen treng vi meirope bibliotek som gir tilgang utanom bemanna opningstid, slik det er på Os.

Gjennom samarbeid, innovasjon og aktiv formidling skal biblioteket vera ein sentral ressurs for ein inkluderande, berekraftig og framtidsretta kommune. Bjørnafjorden bibliotek kan i 2028 markera at det er 200 år sidan første boksamlinga vart etablert i Os.

1.6.3 Bjørnafjorden kulturskule

Kulturskulane i Os og Fusa vart skipa i høvesvis 1979 og 1995. Hausten 2026 hadde kulturskulen 550 elevplassar og 436 unike elevar. Kulturskulen er ei kommunal eining organisert under Oppvekst.

Bjørnafjorden kulturskule har etablerte tilbod innan visuelle kunstfag, dans og musikk. Det er gode breiddetilbod ned i alder, også i barnehagealder. Våren 2026 har kulturskulen seks fordjupingsklassar innan dans og ein i song. Frå og med skuleåret 2026-27 startar det opp tre grupper med fordjuping i samspel. I framtida er det eit ønske om fordjuping også innan visuelle kunstfag. Kulturskulen har i dag ikkje tilbod innan fag som t.d. teater, kreativ skriving, folkemusikk og strykeinstrument.

Kulturskulen har eit samarbeid med kulturskulane i Alver, Askøy og Øygarden. Det er faste møte på leiarnivå, og felles samlingar for lærarane to gongar i året. Dette gjer at lærarane får møta andre lærarar med den same spissa kompetansen som dei sjølve. Det er også etablert eit interkommunalt talentutviklingsprogram TalentVest, med støtte frå fylkeskommunen, som gir tilbod som er vanskeleg å få til på eiga hand. Her var det i juni 2026 ein meisterklasse med lokale deltakarar i samband med Opera ved fjorden, med Solveig Kringlebotn som mentor. TalentVest blir vidareført i planperioden.

Hausten 2025 inngjekk kulturskulen og Nore Neset barneskule eit samarbeid om dei praktisk-estetiske faga på eitt av klassetrinna. Her deltek to pedagogar frå kulturskulen saman med pedagogar frå skulen. Frå og med hausten 2026 har kulturskulen og Søre Øyane skule fått eksterne midlar til eit musikktilbod i SFO-tida. Her bidreg kulturskulen med ein musikkpedagog, noko som gir SFO-tilbodet eit enno breiare innhald.

I framtida er det eit ønske om å styrkja kulturskulen både ved å utvida fagtilbodet, og auka kapasiteten på dei mest populære faga, for på den måten å gjera kulturskulen og kommunen meir attraktiv for familiar med barn og unge som vurderer å flytta til Bjørnafjorden kommune. Det er også eit ønske om at kulturskulen i framtida skal samarbeida enno meir med skular og barnehagar, for på den måten å bidra til eit trygt og godt oppvekstmiljø i kommunen.

Det blir sentralt for utvikling av kulturskulen at denne kulturinstitusjonen får fornya rammeplan. Gjeldande plan var laga i 2018/2019 og er utdatert.

Kulturskulen har i dag ikkje tilbod om friplassar på økonomisk og sosialt grunnlag. Det er viktig at tilbodet i kulturskulen inkluderer alle som vil prøva seg. Eit første steg blir å etablera slike friplassar.

1.6.4 Oseana kunst- og kultursenter

Oseana kunst- og kultursenter opna i 2011 og er organisert som eit sjølvstendig kommunalt føretak med eigen administrasjon og styre. Oseana har blitt ein sentral arena for profesjonell kulturformidling i regionen både med kunsten i Griegsamlinga og storscenen med skiftande program gjennom heile året. Riksteateret gjestar regelmessig, medan det lokale kulturlivet ved m.a. kulturskulen, musikklaga og demenskoret har sine faste framsyningar og program.

Planar for eit hotell på nabotomta og samanbygging med kulturhuset gir nye perspektiv og moglegheiter for drift og synergiar. Dette kan gi rom for at Oseana kan utvikla og styrka si rolle som eit attraktivt kulturhus lokalt og regionalt. Bygget er frå 2011 og vedlikehalds-behovet aukar. Det blir sentralt å sikra gode vilkår for kulturhusdrift i avtaleverket som vil

ligga til grunn for samarbeidet med hotellet, og i ein oppdatert strategiplan for Oseana som det kommunale føretaket utarbeider.

Oseana er ein regional kulturaktør og har ei sentral rolle for lokal aktivitet og verdiskaping. Publikum til kunst- og kulturarrangement skapar etterspurnad etter lokale tenester. I utviklinga av Oseana og området rundt kulturhuset, blir det viktig å sjå kultur, reiseliv, hotell, næringsliv og sentrumsutvikling i samanheng. Ei slik utvikling kan styrkja både Oseana, Osøyro og Bjørnafjorden som attraktiv kultur- og besøksdestinasjon.

1.6.5 Lokale kulturbygg

Ei kartlegging av lokale kulturbygg viser at Bjørnafjorden har over 70 bygg, med god geografisk spreiing, som hyser kulturaktivitet. Ungdomshus, bygda- og grendahus er viktige møteplassar og kulturscener i lokalmiljøa. Dei fleste er eigde av lokale organisasjonar med avgrensa ressursar.

Bjørnafjorden kommune formidlar søknader til fylket om tilskot til offentlege og private kulturbygg. Mellom 2014 og 2026 var det 26 prosjekt og samla tilskot på 4,6 mill. kroner. Dei fleste private prosjekta er rehabilitering av utvendig tak, ENØK, universell tilkomst, og betring av toalettforhold.

Både ved rehabilitering og nybygg må eigarane kosta momsen sjølve, og det er få offentlege tilskotsordningar. Kommunen bør etablera eit fond til forskottering av tilskot til lokale kulturbygg. Ordninga har i dag ei ventetid på minst tre år.

1.6.6 Lokale festivalar og større arrangement

Vi har mange gode små og store kulturscenar i Bjørnafjorden. Av større tiltak har det kome positive initiativ i seinare år med suksessen Øyafest og Vinnesfestivalen, begge med stort frivillig engasjement og god lokal forankring. Gjennom eit kulturår er det mange og ulike arrangement som gjer oss til ein aktiv, attraktiv og levande kulturkommune.

Kommunen kan bidra til å synleggjera dette mangfaldet av aktivitetar gjennom digitale kalenderfunksjonar. Kommunen held også i organiseringa av to viktige nasjonale dagar, markeringa av 8. mai og 17. mai i kommunesenteret.

1.6.7 Kunstkommunen Bjørnafjorden

Tal frå Telemarksforsking viser at mange **profesjonelle kunstnarar** og kulturarbeidarar er busette i kommunen. Etablerte galleri, verkstader og atelier representerer både arbeids-plassar og sentrale kulturtilbod.

Det er også eit rikt amatørkunstmiljø i Bjørnafjorden. Ved inngangen til 2026 vart Bjørna-fjorden kulturråd etablert. Det skal freista å samordna og fremja amatørkulturlivet på same måte som idrettsrådet gjer det på idrettsfeltet. I tillegg har vi fått knoppskytingar som Unikultur som fokuserer på å skapa eit miljø for kreativ ungdom. Frå kommunen si side blir det ekstra viktig å hjelpa fram den yngste kulturen og å vidareutvikla «Ung kultur møtes» (UKM) i ei ny tid som ein **kulturfestival for barn og unge**.

Innan biletkunst har vi heilt sidan slutten av 1990-talet hatt Internasjonale skulptursymposium på Os som har bygd kulturelle nettverk på tvers av landegrenser og gjort Osøyro til ein spennande «skulpturpark». Kunstkommunen er ikkje minst styrkt gjennom etableringa av Griegsamlinga i Oseana.

Kommunen vil satsa på kunst i offentlege rom der folk ferdast. Gjennom tiltak i kulturplanen etablerer vi gode rammer som sikrar kunstnarleg utsmykking i viktige investeringsprosjekt og lagar retningsliner for kunst i offentleg rom. Vi gjer informasjon om kunst og kulturarv tilgjengeleg gjennom digital formidling.

1.6.8 Kulturell skulesekk og spaserstokk

Den kulturelle skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som skal formidla profesjonell kunst og kultur av høg kvalitet til barn og unge, i heile løpet frå grunnskule til vidaregåande skule.

Målet med DKS er at barn og unge skal gjera seg kjende med, og utvikla forståing for, eit variert spekter av kulturuttrykk. DKS er slik ein viktig del av den kulturelle danninga som når ut til alle. Gjennom satsinga på kulturarvstema er DKS med på å bygga både kulturell og lokal identitet t.d. gjennom Oselvardagen.

Tilsvarande er det øyremerka midlar frå fylket til **Den kulturelle spaserstokken (DKSS)** som gir ei profesjonell kulturformidling i kommunal regi til eldre, både heimebuande og på institusjon. Ordninga blir endra frå 2027, og kommunen treng å styrka det lokale bidraget i DKSS for å oppretthalda eit godt tilbod.

1.6.9 Kultur som verdiskaping, næring og attraktivitet

Kunst og kultur har ein eigenverdi, men er også ein viktig del av lokal og regional samfunns- og næringsutvikling. Kultur skapar arbeidsplassar, aktivitet, møteplassar og opplevingar, og bidreg til å gjera kommunen attraktiv både for innbyggjarar, tilflyttarar, arbeidstakarar, næringsliv og besøkande.

Bjørnafjorden har eit profesjonelt kulturliv med kunstnarar, kulturarbeidarar, kulturinstitusjonar, galleri, verkstader, festivalar og arrangørar. Tal frå Telemarksforsking viser at kommunen er rangert over middels når det gjeld kulturarbeidsplassar, kulturarrangement og kunstnartettleik. Dette representerer både ein kulturell ressurs og eit potensial for vidare verdiskaping.

Kulturaktivitet skapar også økonomiske ringverknader utanfor kultursektoren. Publikum og besøkande etterspør varer og tenester innan mellom anna servering, overnatting, transport og handel. Kulturarrangement og kulturinstitusjonar bidreg til auka lokal omsetning og aktivitet i andre næringar.

Bjørnafjorden har eit særleg potensial for å utvikla samspelet mellom kultur, reiseliv og næringsliv. Oseana kunst- og kultursenter, Griegsamlinga, Lysøen, Oselvarverkstaden, lokale festivalar og andre kulturaktørar representerer opplevingar som kan trekkja besøkande til kommunen og bidra til å styrkja Bjørnafjorden som reisemål.

Eit sterkt kulturtilbod har også betydning for kommunen sin attraktivitet som bu- og arbeidsstad. Tilgang til profesjonelle kulturtilbod, møteplassar og opplevingar er ein del av kvaliteten ved staden og kan vera viktig både for rekruttering av arbeidskraft, tilflytting og utvikling av levande tettstadar.

Det er i dag avgrensa kunnskap om dei samla økonomiske ringverknadene frå kulturlivet i Bjørnafjorden. Kommunen bør difor styrkja kunnskapsgrunnlaget om kultursektoren si betydning for sysselsetting, besøksøkonomi, lokal handel, servering, overnatting og anna næringsverksemd.

1.6.10 Samskaping og samarbeid

Ein nøkkel til å lukkast i alt kulturarbeid over tid handlar om samarbeid og samskaping, fornying og engasjement. Vi må jobba godt tverrfagleg og på tvers av organisasjonar, og vera gode på å involvera både kulturaktørar, interesseorganisasjonar, næringsliv og politiske råd i arbeidet med å gi og utvikla eit godt kulturtilbod.

Det ligg eit stort potensiale i meir interkommunalt samarbeid. Gjennom fellesprosjekt kan vi lettare løysa ut både regionale og statlege tilskot. Det er også mogleg å henta inspirasjon og idear gjennom å etablera internasjonale samarbeid finansiert gjennom t.d. EU-program.

Mål		Strategiar	
1.6.A	**Bjørnafjorden kommune skal byggja ein felles kulturell identitet**	1.6.A.1	Vi brukar kulturarv, historie, kunst og kultur til å byggja fellesskap og kulturell identitet
		1.6.A.2	Vi legg til rette for felles opplevingar gjennom fellesarrangement
1.6.B	**Bjørnafjorden kommune skal ha eit inkluderande kulturliv med fokus på nyskaping og rekruttering**	1.6.B.1	Vi etablerer økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å ta del i kulturlivet
		1.6.B.2	Vi gir eit godt tilbod av kulturelle tenester som er sjølvbetente og/eller digitalt tilgjengelege 24/7
		1.6.B.3	Vi samarbeider og samskaper lokalt for å bygga og utvikla ein vital kulturkommune
		1.6.B.4	Vi jobbar interkommunalt for å utvikla gode samarbeidsprosjekt
		1.6.B.5	Vi tenkjer internasjonalt for å henta inspirasjon og jobba framtidsretta
1.6.C	**Bjørnafjorden kommune skal utvikla Os sentrum og Eikelandsosen som framtidsretta og berekraftige kommunesenter og kommunedelsenter med gode kulturtilbod**	1.6.C.1	Vi utviklar biblioteka, kulturskulen og Oseana som grunnpilarar i det kommunale kulturtilbodet
1.6.D	**Bjørnafjorden kommune skal nytta kunst og kultur som drivkraft for attraktivitet, nærings-utvikling, reiseliv og lokal verdiskaping**	1.6.D.1	Vi styrkjer samarbeidet mellom kultur-sektoren, næringslivet og reiselivet for å skapa aktivitet, arbeidsplassar og lokal verdiskaping
		1.6.D.2	Vi nyttar kulturinstitusjonar, arrangement, kunst og kulturarv aktivt i utviklinga og profileringa av Bjørnafjorden som ein attraktiv kommune å bu og arbeida i, og besøkja.
1.6.E	**Bjørnafjorden kommune skal styrkja det profesjonelle kunst og kulturlivet som grunnlag for kvalitet, talentutvikling, breidde og eit rikt lokalt kulturliv**	1.6.E.1	Vi styrkjer Bjørnafjorden kulturskule som profesjonelt kunstfagleg kompetansemiljø
		1.6.E.2	Vi legg til rette for fleire oppdrag og samarbeid for profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar i kommunale og offentleg finansierte kulturprosjekt
		1.6.E.3	Vi styrkjer samspelet mellom profesjonelt og frivillig kulturliv for å utvikla kvalitet, kompetanse, rekruttering og talent
		1.6.E.4	Vi arbeider for at barn og unge får møta profesjonelle kunstnarar og kulturuttrykk som ein del av oppveksten, gjennom institusjonar, kulturskule, DKS og lokale prosjekt

2. TILTAKSPLANAR 2027-2030

Forkortingar:
SU = Samfunnsutvikling, HVF = Helse og velferd, KPS = kommuneplanen sin samfunnsdel, VLFK = Vestland fylkeskommune, KF = kommunalt føretak, BOF = Bergen og omland friluftsråd

2.1 TILTAKSPLAN FRITID 2027-2030

FN SINE BEREKRAFTSMÅL 3, 5, 10, 17

Nr.	Tiltak	Mål nr. i kulturplanen	Referanse til annan plan	Ansvar	Gjennom-føring/frist	Merknad
Mål 1	**Fritidsaktivitetane skal vera opne, trygge og inluderande**	**1.1.A**				
1	Følgjekortordninga gjeld i alle kommunale tilbod, kommunale bygg og tilbod som får kommunalt tilskot			SU/ Kultur/ KF	Jamleg	
Mål 2	**Vi skal jobba for å fjerna barrierar for deltaking, både fysiske og psykiske**	**1.1.B**				
2	Vi gir tilbod om støttekontakt ein til ein og som gruppetilbod for å fremma sosial deltaking og aktivitet – og utviklar tenesta gjennom prosjekt i den heilskaplege innstastrappa			SU/Kultur	2027	Prosjekt innsatstrappa
3	Vi lagar ein handlingsplan for universell tilgang til kommunale bygg og utomhusareal			SU/Eigedom/Plan	2029	
4	Vi vidarefører samarbeidet om demenskor med Bjørnafjorden demensforening			SU/ HVF/ Kultur	Jamleg	
Mål 3	**Vi skal ha eit velferds- og fritidstilbod som reduserer forskjellar og stimulerer til aktivitet og mangfald**	**1.1.C**				
5	Vi tilbyr attraktivt idretts- og friluftsutstyr gratis gjennom BUA		KPS	SU/Kultur	Jamleg	Frå 2028 utan statstilskot
6	Vi søker om tilskot frå VLFK og tilbyr rimelege bussruter for ungdom til t.d. Eikedalen		KPS	SU/Kultur	2027	Tilbod gjennom BUA
Mål 4	**Alle barn og unge og andre brukargrupper skal kunna finna ein fritidsaktivitet dei trivst med og oppleva meistring**	**1.1.D**				
7	Vi tilbyr ei samla digital oversikt (portal) over lokale aktivitetstilbod innan idrett, friluftsliv, frivillig sektor og eigenorganisert aktivitet via frivilligsentralane sine nettsider med kalender			SU/Kultur	2027	
8	Vi arbeider for å etablera ei lokal ordning for økonomisk hjelp for å stimulera til deltaking og hindra utanforskap, i samarbeid med lagslivet			SU/Oppvekst og NAV	2030	
Mål 5	**Vi skal sikra barn og unge og andre brukargrupper sin medverknad i utviklinga av fritidsfeltet**	**1.1.E**				
9	Vi involverer både brukargrupper, interesseorganisasjonar og politiske råd i arbeidet med gi eit godt fritidstilbod			SU/ Oppvekst	Jamleg	

2.2 TILTAKSPLAN FRIVILLIG 2027-2030

FN SINE BEREKRAFTSMÅL 3, 10, 11, 13, 16, 17

Nr.	Tiltak	Mål nr. i kulturplanen	Referanse til annan plan	Ansvar	Gjennom-føring/frist	Merknad
Mål 1	**Bjørnafjorden kommune skal vera ein god tilretteleggar for frivilligheit**	**1.2.A**	**KPS**			
1	Vi rullerer frivilligstrategi for 2028-2031		Planstrategi	SU/ Kultur	2028	Gjeldande strategi 2024-2027
2	Vi styrkar ordninga med kommunale kulturmidlar – driftstilskot til lag og organisasjonar		KPS/ frivilligstrategi	SU/ Kultur/	Jamleg	Prosjekt innsatstrappa
3	Vi styrkar kapasiteten for koordinering av frivillige		KPS/ frivilligstrategi	SU/Kultur	2030	Prosjekt innsatstrappa
4	Vi tilbyr gratis bruk av kommunale lokale for alle lag og organisasjonar og grupper utan formell organisering		KPS/ frivilligstrategi	SU/Oppvekst/ Helse og velferd	2027	Prosjekt innsatstrappa
Mål 2	**Bjørnafjorden kommune skal vera ein inkluderande kommune**	**1.2.B**	**KPS**			
5	Vi tilbyr ein foreiningsportal via frivilligsentralane sine nettsider med kalender			SU/ Kultur	2027	Via nettsider til frivilligsentralane
Mål 3	**Vi skal styrka samarbeidet og samskapinga med frivillig sektor**	**1.2.C**	**KPS**			
6	Vi etablerer ein frivilligpris for Bjørnafjorden kommune		Frivilligstrategi	SU/Kultur	2027	Eiga pol sak om statuttar
7	Vi arrangerer frivilligbørs i Eikelandsosen og på Osøyro			SU/Kultur	2027	Prosjekt innsatstrappa
8	Vi arrangerer frivilligmesse/ frivilligfestival for heile Bjørnafjorden			SU/Kultur	2028	Prosjekt innsatstrappa
9	Vi arrangerer frivilligforum – halvårleg møteplass mellom kommune og frivillige aktørar		Frivilligstrategi	SU/Kultur	2027	
10	Vi inngår samarbeidsavtale mellom Bjørnafjorden kommune og Fusa frivilligsentral			SU/Kultur	2027	

2.3 TILTAKSPLAN IDRETT 2027-2030

FN SINE BEREKRAFTSMÅL 3, 5, 10, 11, 16, 17

Nr.	Tiltak	Mål nr. i kulturplanen	Referanse til annan plan	Ansvar	Gjennom-føring/frist	Merknad
Mål 1	**Vi skal arbeida førebyggande for å sikra god folkehelse, fremja inkludering og idrettsglede**	**1.3.A**	**KPS**			
1	Vi er medlem i Antidoping Norge og har lokale kampanjar mot dopingbruk			SU/Oppvekst	Jamleg	
2	Vi satsar på BUA som ein sentral for deling av utstyr for auka fysisk aktivitet			SU/Kultur	Jamleg	
Mål 2	**Bjørnafjorden kommune skal stimulera og leggja til rette for at flest mogeleg skal få høve til å utøva eigenorganisert fysisk aktivitet i nærmiljøet og delta i organisert aktivitet i lag og organisasjonar**	**1.3.B**				
3	Vi lagar ny rettleiar for aktivitetsareal og møteplassar i nye bustadområde som vert styrande for reguleringsarbeid			SU/Plan	2027	Følger KPA-arbeidet
Mål 3	**Bjørnafjorden kommune skal ha ein berekraftig og langsiktig anleggspolitikk**	**1.3.C**				
4	Vi betalar utestående tilskot til bygging av private idrettsanlegg i Fusa og frigjev budsjettmidlar til styrking av driftstilskot til anlegg				2027	Betaling av utestående tilskot kan skje ved bruk av fondsmidlar til idrett
5	Vi utarbeider ein langtidsplan for anleggsbehov og anleggsutvikling for planperioden 2027-2030				Årleg	Blir fremja saman med handlingsprogram hausten 2027
6	Vi sikrar at det vert sett av nok areal til idrettsføremål i KPA og pågåande reguleringsarbeid			SU/Plan	2027	
7	Vi lagar ein årleg handlingsplan for prioritering av søknader om statlege spelemidlar			SU/Kultur	Årleg	Politisk sak
Mål 4	**Bjørnafjorden kommune skal styrka samarbeidet og samskapinga med frivillig sektor**	**1.2.C**	**KPS**			
8	Vi gjennomgår og fornyar alle kommunale avtalar med idrettslaga for å sikra like og oppdaterte vilkår			SU/Kultur	2028	

2.4 TILTAKSPLAN FOR FRILUFTSLIV 2027-2030

FN SINE BEREKRAFTSMÅL 3, 10, 11, 13, 17

Nr.	Tiltak	Mål nr. i kulturplanen	Referanse til annan plan	Ansvar	Gjennom-føring/frist	Merknad
Mål 1	**Bjørnafjorden kommune skal gjera det enkelt for alle innbyggarar å leva aktive og miljøvenlege liv**	**1.4.A**	**KPS**			
1	Vi gjer Opptur til eit tilbod ved alle tre ungdomsskulane			Oppvekst	2027	Mogleg samarbeid med Fusa frivilligsentral i Eikelandsosen og Fusa turlag
2	Vi styrkar den digitale formidlinga av turløyper via kommunal heimeside			SU/ Kultur/ Kommunikasjon	2027	
3	Vi lagar eit felles turkart for Bjørnafjorden			SU/Kultur	2029	Spelemidlar kan dekka 40% av kostnad
4	Vi lagar ein reguleringsplan for å utvikla Osmarka som ressurs for eit aktivt friluftsliv for alle			SU/Plan	2028	Som vidareføring av ny KPA
5	Vi lagar eit forprosjekt for ein oppgradert badeplass for ungdom ved Oseana på Mobergsneset			SU/Kultur/Prosjekt/BOF	2027	M.a. reetablering av stupebrett
6	Vi lagar ein handlingsplan for universell tilrettelegging av friluftsliv			SU/Kultur/Plan	2029	
Mål 2	**Bjørnafjorden kommune skal styrka innsatsen for å ta vare på natur- og kulturarven i kommunen vår**	**1.4.B**	**KPS**			
7	Vi set omsynssoner rundt naturvernområda våre som ein ressurs også for friluftsliv			SU/Plan	2027	Som del av KPA
8	Vi prioriterer tiltak med utgangspunkt i kartlegginga av friluftslivets ferdselsårer			SU/Kultur	Årleg	
Mål 3	**Bjørnafjorden kommune skal samarbeida med andre for å skapa eit godt og variert friluftstilbod**	**1.4.C**				
9	Vi inngår skriftlege avtalar med turlaga og andre lag som sikrar tilsyn og vedlikehald av ferdselsårer			SU/Kultur	2027	

2.5 TILTAKSPLAN KULTURARV 2027-2030

FN SINE BEREKRAFTSMÅL 3, 9, 11, 12, 13, 17

Nr.	Tiltak	Mål nr. i kulturplanen	Referanse til annan plan	Ansvar	Gjennom-føring/frist	Merknad
Mål 1	**Bjørnafjorden kommune skal byggja ein felles kulturell identitet**	**1.5.A**	**KPS**			
1	Vi set opp minst to informasjonsskilt årleg på freda kulturminne			SU/ Kultur	Årleg	
2	Vi markerer Kulturminnedagane årleg i samarbeid med lokale lag			SU/Kultur	Årleg	
3	Vi sikrar ei god formidling av lokale minnesmerke			SU/Kultur	2028	Oppdatert informasjon og skilt i Minneparken og andre minnesmerke – også digitalt
4	Vi gjer dokumentsamlinga i lokalhistorisk arkiv tilgjengeleg som søkbar database			SU/Kultur	2030	Via biblioteket sine nettsider
5	Vi markerer Nasjonaljubileet 1030-2030			SU/Kultur	2030	
Mål 2	**Bjørnafjorden kommune skal styrka innsatsen for å ta vare på kulturarven**	**1.5.B**	**KPS**			
6	Vi fører fortløpande eit levande register over viktige faste kulturminne som ikkje er automatisk freda etter lov			SU/Kultur	Jamleg	Vedlegg til plan
7	Vi sikrar omsynet til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap gjennom arealplanlegging og samordna bruk av kunnskapsgrunnlaget i kulturplanen og landbruksplanen.			SU/Kultur/Landbruk/Plan	Jamleg	
8	Vi ser kulturarv som ein viktig ressurs for samfunnsutvikling og kulturbasert næring og engasjerer oss som vertskommune for Lysøen og Oselvarverkstaden som regionalt Oselvarsenter			SU/Kultur	Jamleg	
9	Vi installerer direktekopla brannvarslarar til 110-sentral for prioriterte verneverdige kommunale bygg		KommuneROS 2024	SU/Kultur/Eigedom drift /Brann	2027	Verneverdige bygg i kommunal eige

2.6 TILTAKSPLAN KULTURFORMIDLING 2027-2030

FN SINE BEREKRAFTSMÅL 3, 4, 10, 11, 17

Nr.	Tiltak	Mål nr. i kulturplanen	Referanse til annan plan	Ansvar	Gjennom-føring/frist	Merknad
Mål 1	**Bjørnafjorden kommune skal byggja ein felles kulturell identitet**	**1.6.A**	**KPS**			
1	Vi utviklar og vidarefører tilbod i Den kulturelle skulesekken som bygger ein positiv Bjørnafjordsidentitet			SU/Oppvekst/ Kultur	Jamleg	Øyremerka midlar sett av i fond til DKS
Mål 2	**Bjørnafjorden kommune skal ha eit inkluderande kulturliv med fokus på nyskaping og rekruttering**	**1.6.B**				
2	Vi etablerer ei friplassordning i kulturskulen			Oppvekst/ Kulturskulen	2028	Tidlegast frå skuleåret 2027/2028
3	VI aukar frå to til tre kulturstipend for ungdom à kr. 25.000			SU/Kultur	2027	Auka kostnad kr 35.000 – må oppdatera retningsliner
4	UKM blir utvida til å bli ein kulturfestival for og av barn og ungdom i Bjørnafjorden			SU/Oppvekst/ Oseana	2027	
5	Vi etablerer eit fond for forskottering av fylkeskommunale tilskot til lagseigde kulturbygg			SU/Kultur	2028	Etter modell frå statlege spelemidlar til nærmiljøanlegg
Mål 3	**Bjørnafjorden kommune skal utvikla Os sentrum og Eikelandsosen som framtidsretta og berekraftige kommunesenter og kommunedelsenter med gode kulturtilbod**	**1.6.C**	**KPS**			
6	Vi etablerer ei digital plattform for informasjon og formidling av kunst og kulturarv i offentleg rom – som inkluderer kunstløype i Os sentrum			SU/Kultur	2028	
7	Vi landar framtidig lokalisering av hovudbibliotek			SU/Kultur/Eigedom//Prosjekt	2027	
8	Vi gir tilbod om meirope bibliotek også i Eikelandsosen			SU/Kultur	2027	
9	Vi fornyar rammeplanen for kulturskulen som kjem til politisk behandling			Oppvekst/Kulturskulen	2028	Avløyser plan frå 2018
Mål 4	**Bjørnafjorden kommune skal nytta kunst og kultur som drivkraft for attraktivitet, næringsutvikling, reiseliv og lokal verdiskaping**	**1.6.D**				
10	Vi etablerer eit fast samarbeidsforum mellom kultur, reiseliv og næringsliv for å utvikla kulturbaserte opplevingar, arrangement og besøksprodukt			SU/Kultur//Næring/Oseana	2028	
11	Vi gjennomfører ei kartlegging og ringverknadsanalyse av kultursektoren og dei kulturbaserte næringane i Bjørnafjorden			SU/Kultur//Næring/Oseana	2028	
12	Vi utviklar samarbeid mellom kulturaktørar og reiselivsaktørar for å auka kulturrelaterte besøk og lokal verdiskaping gjennom heile året			SU/Kultur//Næring/Oseana	2030	
Mål 5	**Bjørnafjorden kommune skal styrkja det profesjonelle kunst- og kulturlivet som grunnlag for kvalitet, talentutvikling, breidde og eit rikt lokalt kulturliv**	**1.6.E**				
13	Vi etablerer ein fast møteplass/forum mellom profesjonelle kulturaktørar, frivillig kulturliv, Oseana og kommunen			SU/Kultur/Kulturskulen /Oseana	2027	
14	Vi utviklar tilbod som stimulerer til bruk av profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar i lokale prosjekt, produksjonar og arrangement			SU/Kultur/Kulturskulen /Oseana	Jamleg	